

Månadsplan August 2019

| Måndag | Tysdag | Onsdag | Torsdag | Fredag | Laurdag | Søndag |
|---|------------------------------|------------------------------|------------------------------|------------------------------|---------|--------|
| | | | 01.08 | 02.08 | 03.08 | 04.08 |
| 05.08 | 06.08 | 07.08 | 08.08 | 09.08 | 10.08 | 11.08 |
| 12.08 | 13.08 | 14.08 | 15.08 | 16.08 | 17.08 | 18.08 |
| 19.08 Skulestart! Servering av havregraut 😊 | 20.08 Leik og aktivitetar | 21.08 Leik og aktivitetar | 22.08 Leik og aktivitetar | 23.08 Leik og aktivitetar | 24.08 | 25.08 |
| 26.08 Me serverer god heimelaga suppe 😊 Leik ute / aktiviteter | 27.08 Leik og aktivitetar | 28.08 Leik og aktivitetar | 29.08 Leik og aktivitetar | 30.08 Leik og aktivitetar | 31.08 | |

Hei alle barn og foreldre!

Velkommen til nytt SFO år.

Dei første vekene vil me ha fokus på å bli kjent med kvarandre. Me treng å bli kjent med reglar og rutinar på SFO for at alle skal kunne ha det bra. Alle skal ha det bra på SFO! Det betyr at dersom ditt barn ikkje har det bra så treng me vaksne på SFO beskjed frå dykk som foreldre, slik at me kan få til ei eventuell endring. Me er heilt avhengige av eit tett og godt samarbeid me dykk og vonar at de vil ta kontakt dersom det er noko særskilt me bør veta om.

I alt så er det 25 barn på SFO dette skuleåret. Det betyr at det blir mykje lyd når me er inne på dei dagane med flest ungar. Me vil komma til å vera ute ein del, særskilt på måndagar og fredagar. Det er desse dagane det er flest påmeldte.

Me vil starta opp med bading når bassenget er klart. Reknar med at det vil bli i slutten av september. Inntil vidare vil me planleggja aktivitetar i hallen eller ute i skulegarden. Etter førespurnad av foreldre sjekkar me og ut moglegheita for å låna fritidsklubben sine lokalar dei dagane me har flest barn. Me håper og få til dette slik at me kan ha dansegruppe og leik/spelegruppe annan kvar fredag. Måndager tenkjer me å fortsetja med bading og hallen annan kvar gong. Det kan og bli mogleg å kombinera med fritidsklubben sine lokalar måndager også.

Kvar tredje månad vil me ha bursdagsfeiring her på SFO. Då vil me lage litt god mat og gjera stas på bursdagsbarna. Bursdagsfeiringa vil bli lagt til måndager og alle vil bli invitert, også dei som ikkje har SFO tid denne dagen. Dei som ikkje har sfo tid denne dagen skal ikkje betale ekstra for dette.

Måndager serverer me alltid mat. Meny vil stå på månadsplan. Det vil bli servert frukt etter matpakke kl 14:00 onsdager og fredager. Ungane er svoltne då og me minner om å senda med ungane ekstra mat til dette måltidet. Det kan vera greitt å senda med barna knekkebrød som kan stå på sfo. Det blir ikkje handla inn så mykje frukt at ein kan eta seg mett på den.

Mvh

Helgunn, Marit, Svale, Laila og Alv Martin

